



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Møtedato: 03.02.2026
Møtestad: Teams
Møtetid: kl 12.00 - 13.00

| Møtedeltakarar | |
|-----------------------|--|
| Bertin Bjåen | |
| Elin Ringhus | |
| Knut Hagen | |
| Laila Espedal | |

| Forfall | |
|------------------------|--|
| Lill Synnøve Laugaland | |

| | |
|--------|--|
| Andre: | |
|--------|--|

Møtesekretær:
Jarle Lunde

Godkjenning

Bertin Bjåen og Knut Hagen har godkjend møteboka til å vere i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

| Saksnummer | Sakstittel | |
|------------|---|--|
| 001/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste | |
| 002/26 | Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar | |
| 003/26 | Meldingar | |
| 004/26 | Delegasjonssaker | |
| 005/26 | Uttale til detaljplan for miljø og landskap - Blåfjell pumpe og tiltak på fire dammer i Blåsjømagasinet | |
| 006/26 | Uttale til tilleggsutgreiing om villrein til Lyse kraft sin konsesjonssøknad for nye kraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget | |
| 007/26 | Eventuelt | |

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Jarle Lunde | K1-033 | 26/123 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--|------|------------|
| 001/26 | Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | PS | 03.02.2026 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sand, 05.02.2026

03.02.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.

VRN-AU - 001/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Jarle Lunde | K1-033 | 26/123 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--|------|------------|
| 002/26 | Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | PS | 03.02.2026 |

Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Sand, 05.02.2026

Det skal veljast eit medlem som saman med leiar skal godkjenne møtebok, slik at denne er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

03.02.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Forslag: Bertin Bjåen veljast til å skrive under møteboka saman med leiar
Forslag blei samrøystes vedtatt

VRN-AU - 002/26 Vedtak:

Bertin Bjåen veljast til å skrive under møteboka saman med leia

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Jarle Lunde | K1-033 | 26/123 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--|------|------------|
| 003/26 | Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | PS | 03.02.2026 |

Meldingar

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

Sand, 05.02.2026

Underliggende saker:

| Saksnummer. | Tittel |
|--------------------|--|
| 1 | Dam Farå - forholdet til villrein |
| 2 | Oppstart av prosess for revisjon av Heiplanen - invitasjon til deltaking i arbeidet |
| 3 | Vedtak - godkjenning av detaljplan for Kvernevatn kraftverk. NVEs referanse: 202417045-4 |

03.02.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**Handsaming:**

Ingen merknad.

Forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.

VRN-AU - 003/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Jarle Lunde | K1-033 | 26/123 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--|------|------------|
| 004/26 | Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | PS | 03.02.2026 |

Delegasjonssaker

Forslag til vedtak:
Sakene vert tekne til vitande.

Sand, 05.02.2026

Underliggende saker:

| Saksnummer. | Tittel |
|--------------------|---|
| 012/25 | Uttale til søknad om riving og bygging av fritidsbustad, 42/19 Kvilldalsdalen, Suldal kommune |
| 001/26 | Uttale til søknad om konsesjon for Haugåna og Bjunes kraftverk i Sirdal kommune, Agder fylke . NVEs referanse: 202405326-19 |
| 003/26 | Uttale til søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett, oppføring av hytte - gbnr 25/141 - Store Bjørnevatn, Valle kommune |
| 002/26 | Uttale til søknad om om å fjerne gml støylsbu og bygge opp att ny, 107/2 Tokke kommune |

03.02.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**Handsaming:**

Ingen merknad.
Forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.

VRN-AU - 004/26 Vedtak:

Sakene vert tekne til vitande.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
| Jarle Lunde | K1-122 | 18/1303 |

| | | | |
|---------------|---|-------------|-------------|
| Saksnr | Utval | Type | Dato |
| 005/26 | Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | PS | 03.02.2026 |

Uttale til detaljplan for miljø og landskap - Blåfjell pumpe og tiltak på fire dammer i Blåsjømagasinet

Forslag til vedtak

Villreinnemnda meiner omsynet til villreinen i detaljplanen er tydeleggjort samanlikna med tidlegare fasar i saka. Det skal gjennomførast konkrete avbøtande villreintiltak og oppfølging av desse. Særleg gjeld dette villreinovergang, overvaking og planlagd dialog med villreininteressene, og ikkje minst samordning av ulike tiltak i villreinfeltet over tid. Villreinnemnda støtter opp om tiltaka.

Samstundes er villreinnemnda bekymra over at heving/oppgradering av veg langs Stora Gilavatnet kan gjere tilkomsten enklare og gje auka ferdsel inn i denne delen av villreinområde. Dette til tross for at planen skisserer avbøting ved grov pukk som toppdekke, skilting/kanalisering og ferdselstelling etter utbygging. Auka ferdsel ved Gilavassdammen/villreinovergangen kan undergrave hensikta med avbøtande tiltak og redusere mogleheita for at villreinen nyttar overgangen.

Høyringsinnspel frå mellom anna villreinnemnda og Suldal kommune til tiltaksplan for villrein, som no er til behandling i Klima- og miljødepartementet, har føreslått at Blåsjøvegen bør stengast for allmenn ferdsel med port i tunell ved Øvre Moen. Dette tiltaket vil løyse ferdselsproblematikken i Blåsjøområdet, inkludert ferdsel til Blåfjell pumpe. NVE bør derfor ha dialog med departementet i denne saka. Om det ikkje skulle bli ei slik ordning må det innførast sykkelforbod.

Sand, 05.02.2026

Vedlegg:

Høyring av detaljplan for miljø og landskap - Blåfjell pumpe

NVE har sendt detaljplan for miljø og landskap for Blåfjell pumpe og tiltak på fire dammar i Blåsjømagasinet på høyring.

Saksopplysningar

Høyringa og avgrensing av saka

Blåfjell pumpe fekk konsesjon ved kgl. res. 14.06.2013 og planendring ved kgl. res. 01.09.2017. NVE gav 22.09.2025 løyve til forlengd byggefrist for Blåfjell pumpe.

NVE presiserer at konsesjonen ligg fast, og at sjølve konsesjonsspørsmålet difor ikkje er gjenstand for ny høyring. Høyringa gjeld korleis tiltaket er planlagt gjennomført, herunder arealbruk, utføring og avbøtande tiltak, og detaljplanen skal godkjennast av NVE før arbeid kan starte.

Lokalisering og hovudinnhald i tiltaket

Tiltaka ligg i Hjelmeland og Suldal kommunar, og omfattar bygging av Blåfjell pumpe og utbetringar på Gilavassdammen, Førrevassdammen, Førreheidammen og Førreskardammen på vestsida av Blåsjø.

Prosjektet inneber overføring av vatn til Stora Blåfjellvatnet og pumping vidare opp i Stora Gilavatnet (del av Blåsjømagasinet), med ny overføringstunnel og pumpeanlegg i fjell mellom Stora Blåfjellvatnet og Stora Gilavatnet. Tunnelen er planlagt driven frå portalområde på vestsida av Gilavassdammen.

Framdriftsplanen strekker seg frå 2026 til 2029.

Villreinen i saka

Tiltaksområdet ligg innanfor Setesdal Ryfylke villreinområde, og detaljplanen løftar villrein fram som eit sentralt omsyn. Planen omtalar villreinens arealbruk og koplar prosjektet til oppdatert kunnskapsgrunnlag (kvalitetsnorm/tiltaksplanarbeid). Det er gjort ei rekkje tilpassingar i prosjektet:

- Overskotsmassar blir nytta til villreinovergang ved Gilavassdammen. Utforming vil skje i tett dialog med villreininteressene
- Portal til pumpeanlegget er flytta til område med eksisterande inngrep ved Gilavassdammen og lagt nedanfor dammen for å skiljast frå villreinovergangen; dette reduserer helikopter- og snøskuterbruk.
- Gjennomføringa er samordna med vedlikehald på dammane, samt arbeid på vassvegen mellom Blåsjø og Saurdal. Dette korte ned forstyrringsperioden.
- Kraftleidning blir lagt som jordkabel.
- Transport på vinterføre reduserer behov for nye inngrep/anleggsveggar og mindre helikopterbruk.
- Grov pukk på vegen inn til Gilavassdammen gjer han mindre attraktiv for gåande og syklende.
- I anleggsperioden vil ein ha jamleg dialog med sekretær for villreinnemnda for eventuelle tilpassingar av støyande arbeider og eventuell anna relevans
- Statkraft vil følge opp dei tiltaka som følger av tiltaksplanen for villreinområdet, slik at ferdseilen inn til Gilavassdammen blir avgrensa

Tidlegare uttalar frå villreinnemnda (relevant bakteppe)

Villreinnemnda har tidlegare uttalt seg fleire gonger i saka etter at konsesjonen blei gitt i 2013:

- I 2016 var villreinnemnda positive til planendring som innebar blant anna at kraftstasjon blei i fjell, elforsyning i jordkabel og ein villreinovergang i Store Gilavatn
- I 2019 tilrådde nemnda ikkje å godkjenne den då framlagde nye planendringa, og la mellom anna vekt på at løysinga med villreinterskel/villreinovergang kunne falle bort, og at nye installasjonar kunne gje uheldige effektar for villrein.
- I 2024 (uttale til søknad om forlenga byggefrist) meinte arbeidsutvalet at det ikkje burde givast forlenga byggefrist, og peika på betre kunnskapsgrunnlag, kvalitetsnorm/tiltaksplanarbeid og behovet for å vurdere tiltak i samanheng med samla belastning for villreinen i området.

Vurdering

Under arbeidet med detaljplanen har Statkraft gjennomført ein god og konstruktiv dialog med villreininteressene. Endringsplanar frå 2018/19 er lagt bort og ein byggar vidare på løyvet frå 2017.

Sekretariatet meiner omsynet til villreinen i detaljplanen er tydeleggjort samanlikna med tidlegare fasar, mellom anna gjennom eige kapittel om villrein og konkretisering av avbøtande tiltak og oppfølging. Særleg gjeld dette villreinovergang, overvaking og planlagde rutinar for dialog/varsling, og ikkje minst samordning av ulike tiltak i villreinfeltet over tid.

Detaljplanen legg opp til etablering av villreinovergang over Stora Gilavatnet aust for Gilavassdammen, med mål om å betre passeringsmoglegheitene for villrein i nord-sør-retning i eit område der regulering har svekka trekkmoglegheitene.

Sekretariatet vurderer at villreinovergangen kan vere eit viktig avbøtande tiltak, og at det er positivt at dette no er inkludert i detaljplanen, særleg sett opp mot tidlegare prosessar der bortfall av slik terskel vart vurdert som ein klar ulempe.

Det kjem fram i planen at det er ei bekymring for at heving/oppgradering av veg langs Stora Gilavatnet kan gjere tilkomsten enklare og gje auka ferdsel inn i denne delen av villreinområde. Sekretariatet er samd i dette. Dette til tross for at planen skisserer avbøting ved grov pukk som toppdekke, skilting/kanalisering og ferdselstelling etter utbygging. Auka ferdsel ved Gilavassdammen/villreinovergangen kan undergrave hensikta med avbøtande tiltak og redusere moglegheita for at villreinen nyttar overgangen.

Ferdsel i området er og eit sentralt tema i tiltaksplan for villrein som har vore på høyring og som no er til behandling i Klima- og miljødepartementet. Villreinnemnda, men og Suldal kommune, har her gitt innspel om at Blåsjøvegen bør stengast for allmenn ferdsel med port i tunell ved Øvre Moen. Dette tiltaket vil løyse ferdselsproblematikken i Blåsjøområdet, inkludert ferdsel til Blåfjell pumpe. NVE bør derfor ha dialog med departementet i denne saka. Om det ikkje skulle bli ei slik ordning må det innførast sykkelforbod.

03.02.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.
Forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.

VRN-AU - 005/26 Vedtak:

Forslag til vedtak

Villreinnemnda meiner omsynet til villreinen i detaljplanen er tydeleggjort samanlikna med tidlegare fasar i saka. Det skal gjennomførast konkrete avbøtande villreintiltak og oppfølging av desse. Særleg gjeld dette villreinovergang, overvaking og planlagd dialog med

villreininteressene, og ikkje minst samordning av ulike tiltak i villreinfeltet over tid. Villreinnemnda støtter opp om tiltaka.

Samstundes er villreinnemnda bekymra over at heving/oppgradering av veg langs Stora Gilavatnet kan gjere tilkomsten enklare og gje auka ferdsel inn i denne delen av villreinområde. Dette til tross for at planen skisserer avbøting ved grov pukk som toppdekke, skilting/kanalisering og ferdselstelling etter utbygging. Auka ferdsel ved Gilavassdammen/villreinovergangen kan undergrave hensikta med avbøtande tiltak og redusere moglegheita for at villreinen nyttar overgangen.

Høyringsinnspel frå mellom anna villreinnemnda og Suldal kommune til tiltaksplan for villrein, som no er til behandling i Klima- og miljødepartementet, har føreslått at Blåsjøvegen bør stengast for allmenn ferdsel med port i tunell ved Øvre Moen. Dette tiltaket vil løyse ferdselsproblematikken i Blåsjøområdet, inkludert ferdsel til Blåfjell pumpe. NVE bør derfor ha dialog med departementet i denne saka. Om det ikkje skulle bli ei slik ordning må det innførast sykkelforbod.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|----------------|-------------------|
| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
| Jarle Lunde | K2-K40, K3-&13 | 24/692 |

| | | | |
|---------------|---|-------------|-------------|
| Saksnr | Utval | Type | Dato |
| 006/26 | Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | PS | 03.02.2026 |

Uttale til tilleggsutgreiing om villrein til Lyse kraft sin konsesjonssøknad for nye kraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget

Forslag til vedtak

Tilleggsutgreiinga gir styrkt kunnskap om villreinens arealbruk og stadfester at Holmavatn og Votna er viktige funksjonsområde. Samstundes er iskunnskapen for begge magasin prega av stor uvisse, særleg som følgje av planlagde endringar i regulering og pumpemønster.

For Holmavatn vurderer nemnda at regulering med auka vasstandvariasjon og djupare senking av LRV vil kunne svekke ein etablert og viktig vintertrekkveg, sjølv med tilpassa drift. Dokumentert vinterbruk av isen frå desember til mars gjer at avståing frå pumping i denne perioden framstår som det einaste sikre avbøtande tiltaket. Det er ein svakheit at dette ikkje er omtala i rapporten meir enn det er.

Bortfall av vintertapping i Holmavassåna er positivt, men truleg ikkje så viktig som rapporten kjem fram til, og kan ikkje kompensere for eit mogleg tap av trekkveg over Holmavatn. Endra isforhold på Holmavatnet vil kunne medføre at kvista vinterløyper må leggjast på land. Med bakgrunn i den kunnskapen ein har om området, er det inga alternative skitrasear som vil kunne betre situasjonen for villrein – snarare tvert imot. Rapporten går lite inn på dette.

Nemnda vurderer at situasjonen ved Votna er særleg sårbar. Med pumpekraft vil raske og hyppige vasstandsendingar truleg føre til omfattande og uforutsigbare råker. Nemnda meiner magasinet må sjåast i lys av at E134 blir i tunell, at vinterferdsel i området blir kraftig redusert, og at villreinen på Hardangervidda og Setesdal Ryfylke vinn dette området tilbake om vinteren. Da må Votna som heilskap ha sikker og god is. Som avbøtande tiltak vil det å avstå frå pumping i heile perioden villreinen bruker isen vere det beste treffsikre tiltaket. Dette er eit tiltak som har fått for lite fokus i rapporten.

Med raud tilstand for villreinen, aukande klimaeffektar og stor samla belastning i området, meiner nemnda at føre-var-prinsippet må vektleggjast tungt. Tilleggsutgreiinga stadfester at Holmavatn og Votna utan E134 er særst viktige funksjonsområde for villreinen. Nemnda vil oppmoda NVE å leggje dette til grunn i si vidare saksbehandling.

Sand, 05.02.2026

Vedlegg:

Tilleggsutredning villrein til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utvidelse av kraftverkene i Røldal-Suldal

Vedlegg 1

Vedlegg 4

Vedlegg 3

Vedlegg 2

Uttale til revisjonsdokument for Røldal-Suldal-reguleringa i Ullensvang og Suldal kommunar, og søknad om konsesjon til bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga. Villrein.

Saksopplysningar

Hausten 2024 var revisjonsdokumentet for Røldal–Suldal-reguleringa, saman med søknad om konsesjon til fem nye kraftverk i dei same vassdraga, sendt på høyring. Etter høyringa gav NVE 29.01.2025 eit pålegg til RSK DA om å gjennomføre ei ytterlegare utgreiing av konsekvensane for villrein. Pålegget var særleg knytt til mogelege verknader av endringar i reguleringa av Holmavatn og Votnavatn, og kva betydning dette kan ha for villreinens trekkmoglegheiter og isforhold i vintersesongen.

Den pålagde tilleggsutgreiinga er no ferdigstilt og NVE har sendt den på høyring.

Rapporten er utarbeida av NaturRestaurering (rapport nr 2025-11-01) og har fått tittelen «*Tilleggsutredning villrein til Lyse Kraft sin konsesjonssøknad for opprusting og utvidelse av kraftverkene i Røldal-Suldal*»

Tidlegare uttale

Villreinnemnda gav uttale i Røldal-Suldal saka 24.10.2024. Nemnda rådde NVE frå å gi løyve til O/U-prosjektet slik det var omsøkt, fordi den samla belastninga for villreinen i Setesdal–Ryfylke alt er for stor, og planane gav vesentleg negativ verknad for viktige vinterbeite og trekkområde. Det blei særleg vist til Holmavatn og Votna (uttalen er vedlagt saka).

Samandrag av ny tilleggsutgreiing for villrein

Tilleggsutgreiinga følgjer KU-metodikken (M-1941), oppdaterer kunnskapsgrunnlaget med GPS-data, lokalkunnskap og hydrologi, og svarar på NVE sitt pålegg om særleg å vurdere isforhold og trekk ved Holmavatn og Votna, inkl. scenario med og utan E134-tunnel (Dyrskartunnelen). Anleggsfase er ikkje vurdert.

Holmavatn

Holmavatn ligg sentralt i vinterbruken. Utgreiinga dokumenterer viktige kryssingar over isen, ofte via holmane, og stor bruk på nordaust- og sørsida vinterstid (GPS-data, heat-maps og lokalkunnskap).

Med pumpekraft kan farbar is oppnåast store delar av vinteren ved tilpassa drift (høg vasstand og stabilisering når isen legg seg), men det blir større risiko for sprekker/råker langs land og ved holmar i periodar. Klimaendringar vil uansett gi fleire periodar med usikker is. Samla konsekvens for vinterleg trekk og beite ved Holmavatn er vurdert til «noe negativ».

Bortfall av vintertapping i Holmavassåna fjernar ein barriere og betre trekkfunksjonen. Tverråna vert òg mindre barriere, men denne har lita samla betydning.

Det er føreslått fleire avbøtande tiltak som:

- Driftsregime for islegging (stabil høg vasstand ved isdanning);
- Plassering av inntak/utløp (Naustvika) for å redusere isproblem i sentrale trekkseier;

- Ledegjerder/pilottiltak og løypeval (kanalisere skiløype utanom mest brukte beite/trekk);
- Regulere ferdsel og vegbruk (ev. nedtrapping/nedlegging) for å motverke forstyrring. Utgreinga meiner at gjennomførte tiltak kan redusere konsekvensen til ubetydelig – i beste fall svakt positiv

Votna (vestre vassdrag)

Det vil truleg vere farbar is på store delar av Votna vinterstid, men fleire soner med usikker is langs breddene og ved inn-/utløp, særleg i tørre/middels år og ved lengre periodar med pumping/tapping.

E134 og ferdsel er ein stor barriere området; ekstra usikker is gir liten ytterlegare negativ effekt. Med framtidig tunnel blir området funksjonelt betre for rein og usikker is tel meir. Den samla belastning blir lågare enn i dag om tunnelloysinga kjem (mindre ferdsel/forstyrring frå veg).

Det er føreslått fleire avbøtande tiltak som:

- Driftsregime for meir stabile isforhold, særleg aust i magasinet
- Kanalisering av ferdsel og tiltak på tilkomst-/anleggsveggar
- Fjerning/flytting av mindre kraftliner
- Informasjon og samhandlingstiltak

Vurdering

I villreinnemnda sin uttale frå hausten 2024 blei det peika at kunnskapsgrunnlaget, slik det låg føre då, var mangelfullt.

- Kunnskapen om isforhold og trekk var ikkje god nok
- Betydninga av Holmavatn som trekkveg var truleg undervurdert
- Det mangla vurderingar av konkrete avbøtande tiltak
- Samla belastning og framtidige endringar (E134-tunnel) var ikkje godt nok vurdert

Sekretariatet støttar derfor opp om NVE sitt pålegg om ei tilleggsutgreiing.

Kunnskapsgrunnlaget er styrkt – og funksjonsområda Holmavatn og Votna blir fremma
Tilleggsutgreiinga frå NaturRestaurering aukar kunnskapsnivået om villreinsens arealbruk og trekk, med nye analysar av GPS-data, lokalkunnskap og oppdatert hydrologi. Rapporten stadfester at

- Holmavatn har ein sentral funksjon vinterstid, med jamne trekk over isen (ofte via holmane) og omfattande bruk av nordaust- og sørsida.
- Votna kan få større funksjon for villrein dersom E134 blir lagt i tunnel. Dette gjer at istryggleik og reguleringspraksis ved magasinet blir endå meir kritisk enn tidlegare.

Desse sentrale punkta er i tråd med det villreinnemnda og andre har spelt inn i sine uttaler til konsesjonssøknad og er særst viktige for vidare behandling.

Holmavatnet

Is-kunnskapen er for svak/uklar

Tilleggsutgreiinga legg til grunn at isen på Holmavatn i dag i hovudsak er farbar gjennom vinteren, men peikar på at pumpekraft vil gi hyppigare og raskare vasstandsendringar som kan skape sprekkar og råker – særleg i randsonene og kring holmane der reinen vanlegvis går ut og inn på isen. Samstundes hevdar rapporten at det kan vere mogleg å oppnå farbar is store delar av vinteren ved tilpassa drift som til dømes stabil og relativt høg vasstand i

isleggingsfasen, og avgrensa endringstakt vidare utover vinteren. Ei slik «tilpassa drift» er i liten grad konkretisert, t.d. maksimalt tal og storleik på døgnvise vasstandsendingar i vintermånadene, eller kva dato-intervall tiltak skal gjelde.

Særleg viktig er at tilleggsutgreiinga ikkje konkretiserer konsekvensane av at reguleringshøgda skal aukast frå 10 til 15 meter. Ei ekstra senking av LRV med 5 meter gjer strandsone og grunnbrot meir utsett for oppsprekking, noko som aukar risikoen for råkedanning nett i dei områda der reinen går ut og inn på isen.

Sekretariatet meiner det er naudsynt å sikre at villreinen sin bruk av Holmavatn ikkje blir svekka som følgje av meir utrygg is og dårlegare kår for trekk. Sjølv om rapporten skildrar moglegheit for farbar is store delar av vinteren ved tilpassa drift, peikar både tilleggsutgreiinga og underliggjande fagnotat på betydeleg uvisse. Analysar av isforhold viser at sjølv moderate vasstandsendingar (10–15 cm) kan gi sprekkar og råker langs land og ved øyar når isen er 0,5–1 meter tjukk. Det er uklart korleis faktisk driftsmønster vil slå ut på frekvens og varigheit av slike episodar gjennom vinteren.

Slik sekretariatet vurderer det, er det stor fare for at planlagt endring av regulering i Holmavatn vil redusere funksjonaliteten for villreinen, sjølv ved «tilpassa drift». Kunnskapen me kan trekke ut i frå GPS-merka villrein (2006-2026), samt lokal informasjon, tilseier at isen er mye i bruk frå isen legg seg til siste halvdel av mars. Da trekker fostringsflokkane sørover mot kalvingsområda. Sekretariatet undrar seg derfor kvifor det då, klart og tydeleg, ikkje blir trukket fram at eit viktig avbøtande tiltak vil vere å la isen vere minst mogleg påverka av regulering i denne perioden. Det å avstå frå pumping i desse månadane da villreinen bruker isen vil vere det einaste treffsikre tiltaket.

Betydninga av Holmavassåna som trekkveg

Tilleggsutgreiinga løftar fram bortfall av vintertapping i Holmavassåna som ein positiv konsekvens, ved at dette fjernar ein fysisk barriere og opnar for ein potensiell ny trekkveg.

Sekretariatet er samd i at dette *kan* vere ein positiv konsekvens, men meiner at ein utifrå dokumentasjonen som blir lagt fram må vere særst forsiktig med å seie i kor stor grad dette er viktig for villreinen. I utgreiinga blir det vist til historiske kart med trekkveggar. Desse er basert på observasjonar av rein i barmarksesongen og seier dermed lite om vinterbruk. Utgreiinga viser og til NINA sin prediksjonsmodell for trekkorridorar som antydar høg funksjonalitet for trekk i området. Modellen det blir vist til kan vise trekkorridorar på eit overordna nivå, men kan ikkje utan vidare ses på som korrekt i ein større målestokk som kryssing av Holmevassåna.

Det er altså ikkje noko dokumentasjon på at Holmavassåna har vore ein viktig trekkveg vinterstid. Ei svekking av ein etablert og viktig trekkveg over Holmavatnet kan ikkje erstattast av ein hypotetisk ny trekkmoglegheit over Holmavassåna. Dette gjer at den positive effekten som rapporten løftar fram, ikkje kan tilleggjast vesentleg vekt i vurderinga av konsekvensar for villrein.

Ferdsel/kvista løyper ved Holmavatnet – potensiell større negativ effekt

Dersom isen blir utrygg oftare, kan kvista vinterløyper måtte leggjast på land. Det kan kanalisere meir ferdsel inn i sentrale beite- og trekkområde og forsterke samla belastning. Dette er for lite vektlagt i rapporten; realistiske traseval er ikkje konkretisert eller kartfesta med tilhøyrande konsekvensvurdering. Med den topografien som finst rundt Holmavatn, vil ei landtrasé uunngåeleg medføre meir ferdsel i område reinen nyttar mest – ikkje mindre.

Med bakgrunn i den kunnskapen ein har om området, er det inga alternative skitrasear som vil kunne betre situasjonen for villrein – snarare tvert imot.

Konsekvensvurdering

For Holmavatn er konsekvensen omtalt som «noe negativ», samstundes som det blir peika

på at «tilpassa drift/restriksjonar på pumping» kan gi ubetydeleg eller positiv effekt. Sidan slike driftsrammer ikkje er konkretiserte, målbare eller bindande, kan dei ikkje reknast inn i sjølve konsekvensgraden etter gjeldande KU-metodikk.

Dette – saman med dei forholda som er peika på ovanfor når det gjeld Holmavassåna, istryggleik og risiko for omlegging av ferdsel – gjer at konsekvens etter sekretariatet si vurdering blir tydeleg meir negativ enn det rapporten konkluderer med.

Votna

Betydning av E134-tunnelen

Tilleggsutgreiinga stadfestar at Votna kan få større funksjon for villrein dersom/når E134 blir lagt i tunnel. Når vegtrafikken flyttast under bakken, vil ferdsel i området reduserast kraftig og Votna får ein *høgare økologisk funksjon*. Kunnskapsgrunnlaget tilseier at

- Votnaområdet vil kunne bli restområdet for villreintrekk mellom dei to største villreinområda i landet dersom E134 blir gjennomført som planlagt. Utveksling er viktig for genetisk variasjon.
- Klimarisiko gjer fleksible trekkveggar viktigare enn før. Vinterbeita i villreinområda er sårbare for ising og skiftande snøtilhøve. Med meir variabelt vinterklima treng reinen fleire funksjonelle ruter mellom beite og kvileområde. Votna blir då viktig som del av ein «fluktveg» når tilhøve endrar seg gjennom sesongen.
- Basert på GPS-data er det ikkje registrert kryssing over isen, men observasjonar tilseier at det skjer.

Med bakgrunn i dette er det sentralt at potensiell «gevinst» av tunnel ikkje blir redusert av at Votna blir ein større barriere. Tilleggsutgreiinga er tydeleg på dette: Med tunnel kan området få auka bruk av rein — men då tel istryggleik meir.

Iskunnskap og driftsendringar – grunnlag og uvisse

Reguleringa på Votna er 45 meter, men dagens situasjon er at isen i stor grad farbar om vinteren. Reguleringa kan likevel forårsake sprekkdanning og usikker is i enkelte områder, som kan påverke bruken av isen både av folk og villrein.

Tilleggsutgreiinga legg til grunn at delar av Votna kan ha farbar is også i ein framtidig situasjon, men at pumpekraft vil gi hyppigare og større vasstandsendingar gjennom vinteren. Dette aukar risikoen for oppsprekking og råkedanning, særleg i strandsoner og i bratt terreng der magasinet er mest sårbart.

Basert på den kunnskapen som føreligger legger tilleggsutgreiinga til grunn at pumpekraftverk medfører forverrande isforhold gjennom det meste av vinteren. Med bakgrunn i at reguleringa ved pumpekraftverk har større kapasitet, gir hurtigare vasstandsendingar, og reguleringshøgda er større for Votna enn Holmavatn, blir det antatt at negativ verknad på isforhold her blir vesentleg større. I lys av denne vurderinga blir det, slik sekretariatet ser det, underleg at tilleggsutgreiinga også legg til grunn at delar av Votna kan ha farbar is også i ein framtidig situasjon.

Avbøtande tiltak

Den viktigste problematikkk tilknytta Votna-reguleringa vil være dei vanskeligere isforholda. Rapporten skisserer at driftsregime kan tilpassas for å betre isen, men tiltaka manglar presise grenser for vasstandsendingar (cm/døgn og frekvens), tidsintervall for vinterregime og krav til stabil vasstand i isleggingsfasen. I det heile manglar det hydrologiske data og vurderingar av dette.

Det er og størst fokus stabilisering av isdekke på Grunnavatn i den austlege del av Votna. I tillegg til pumping i Votna vil produksjon i Midtlæger kraftverk påverke isen i dette området. Sekretariatet er samd i at denne delen av Votna vil vere særleg sentral med tanke på trekk

og beiting i Holedalen. Villreinnemnda spelte inn i tidlegare uttale at ein burde vurdere ei landbro i dette området. Dette er ikkje vurdert vidare i rapporten.

Slik sekretariatet vurderer det må Votna sjåast i lys av at E134 blir i tunell, at vinterferdsel i området blir kraftig redusert og at villreinen på Hardangervidda og Setesdal Ryfylke vinn dette området tilbake om vinteren. Da må Votna som heilskap ha sikker og god is. Som avbøtande tiltak vil det å avstå frå pumping i heile perioden villreinen bruker isen vere det beste treffsikre tiltaket. Dette er eit tiltak som har fått for lite fokus i rapporten. Som bakteppe for dette, slik planane om nye E134 er i dag, så er det berre her på vestsida av Haukelifjell det vil vere mogleg for villreinen med utveksling mellom dei to områda i framtida. Desto viktigare er det å ikkje lage ei ny barriere.

Tilleggsutgreiinga skisserer fleire ikkje-is-tiltak for Votna – særleg ferdselsstyring, vegregime, motorferdselsavgrensing, teknisk opprydding, informasjon og adaptiv oppfølging. Dette er tiltak som kan ha effekt, men det er isforholda på Votna som er det sentrale og viktige tiltaket.

Samla vurdering og føre-var

For villreinen er samla belastning avgjerande. Som kjend er utviklinga for villreinen negativ og departementet arbeider med ein omfattande tiltaksplan med mål om å betre situasjonen.

I tilleggsutgreiinga blir det vist til at vasskraft, vegar, hyttebygging og turisme utgjer den samla belastninga på villrein. Det blir og vist til planar om nye pumpekraftverk andre stadar i Setesdal Ryfylke villreinområde, men det blir ikkje gitt noko nærare vurdering av den samla belastninga for alle desse nye omsøkte tiltaka. Det er sakna og må gjerast.

Det er positivt at kunnskapen er styrkt, og at Holmavatn og Votna si rolle for villreinen er klårare. Samstundes er is-kunnskapen prega av vesentleg uvisse, og avbøtande tiltak er for svakt konkretiserte. Med raud tilstand etter kvalitetsnorma, stor samla belastning i området og klimaeffektar som aukar risikoen, bør føre-var-omsyn vektleggjast sterkt.

03.02.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.

VRN-AU - 006/26 Vedtak:

Tilleggsutgreiinga gir styrkt kunnskap om villreinens arealbruk og stadfester at Holmavatn og Votna er viktige funksjonsområde. Samstundes er iskunnskapen for begge magasin prega av stor uvisse, særleg som følgje av planlagde endringar i regulering og pumpemønster.

For Holmavatn vurderer nemnda at regulering med auka vasstandvariasjon og djupare senking av LRV vil kunne svekke ein etablert og viktig vintertrekkveg, sjølv med tilpassa drift. Dokumentert vinterbruk av isen frå desember til mars gjer at avståing frå pumping i denne perioden framstår som det einaste sikre avbøtande tiltaket. Det er ein svakheit at dette ikkje er omtala i rapporten meir enn det er.

Bortfall av vintertapping i Holmavassåna er positivt, men truleg ikkje så viktig som rapporten kjem fram til, og kan ikkje kompensere for eit mogleg tap av trekkveg over Holmavatn. Endra isforhold på Holmavatnet vil kunne medføre at kvista vinterløyper må leggjast på land. Med bakgrunn i den kunnskapen ein har om området, er det inga alternative skitrasear som vil kunne betre situasjonen for villrein – snarare tvert imot. Rapporten går lite inn på dette.

Nemnda vurderer at situasjonen ved Votna er særleg sårbar. Med pumpekraft vil raske og hyppige vasstandsendingar truleg føre til omfattande og uforutsigbare råker. Nemnda meiner magasinet må sjåast i lys av at E134 blir i tunell, at vinterferdsel i området blir kraftig redusert, og at villreinen på Hardangervidda og Setesdal Ryfylke vinn dette området tilbake om vinteren. Da må Votna som heilskap ha sikker og god is. Som avbøtande tiltak vil det å avstå frå pumping i heile perioden villreinen bruker isen vere det beste treffsikre tiltaket. Dette er eit tiltak som har fått for lite fokus i rapporten.

Med raud tilstand for villreinen, aukande klimaeffektar og stor samla belastning i området, meiner nemnda at føre-var-prinsippet må vektleggjast tungt. Tilleggsutgreiinga stadfester at Holmavatn og Votna utan E134 er særst viktige funksjonsområde for villreinen. Nemnda vil oppmoda NVE å leggje dette til grunn i si vidare saksbehandling.

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Jarle Lunde | K1-033 | 26/123 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--|------|------------|
| 007/26 | Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet | PS | 03.02.2026 |

Eventuelt

Sand, 05.02.2026

03.02.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

1.

Forslag om møtegodtgjering: 1 time for møte, og 2 timar for førebuing. Samrøystes vedtatt.

Det er nye satsar for godtgjering i statlige utvalg, for 2026 jmf. Statens Personalhandbok.

| Satser utvalg | 2025 | 2026 |
|------------------------|--------|--------|
| Leder | 758,00 | 791,00 |
| Medlem | 573,00 | 598,00 |
| Møteforberedelser alle | 573,00 | 598,00 |

Bruk lønnart 5534 Honorartimar i DFØ appen.

2.

Diskusjon omkring vårmøte i nemnda.

Vårmøte for nemnda blir på Bykle hotell 23.april med felles middag kvelden før. Semje om å følge "mal" frå tidlegere år angående innhald. Dvs ein open informasjon/diskusjonsdel, og del 2 med ordinær sakliste.

Førebels program/sakliste (kom gjerne med innspel)

Del 1:

- Nytt frå Våmur Roan villreinlag, inkludert informasjon om forslag til ny bestandsplan (2026- 20xx) og avskytingsplan for 2026
- Nytt frå Setesdal Ryfylke villreinutval, inkludert forslag til avskytingsplan for 2026
- Nytt frå Setesdal austhei villreinlag, inkludert forslag til avskytingsplan for 2026
- Nytt frå villrein fjellet, Statens naturoppsyn

Om rullering av Heiplanen, Heiplansekretariatet

Del 2:

- Godkjenning av bestandsplan for Våmur-Roan villreinområde
- Godkjenning av avskytingsplan/kvote for Setesdal Ryfylke, Setesdal austhei og Våmur Roan villreinområde

VRN-AU - 007/26 Vedtak:

Møtegodtgjering: 1 time for møte, og 2 timar for førebuing.